

Har du spørsmål eller treng påfyll av noko i settet?
Ta gjerne kontakt med oss i Publikumsavdelinga
telefon 55 97 53 44, hurtigval 1

Opningstider Publikumsavdelinga

Måndag-fredag: 8.30 – 16.30

Laurdag: 9.00 – 13.00

Heimeside: www.sjukehusapoteka-vest.no

Besøksadresse:


Sentralblokka 0. etasje
Jonas Liesvei 65
5053 Bergen

Brosjyre utarbeida av farmasøyt Inger Lise Kolstad
i samarbeid med tannpleier Lise Thorsen
ved Kjevekirurgisk avdeling, Haukeland Universitetssjukehus og
undervisningssjukepleiar Ragnhild Helgesen ved
Kompetansesenteret i lindrande behandling Helseregion Vest,
Haukeland Universitetssjukehus

Bergen, november 2012

MUNNPLEISETT

**For pasientar som har
tørr og sår munn**



Kvifor munnpleiesett?

Spytt er det viktigaste vernet vi har mot hull i tenna. Slimhinna i munnen vert reinsa og smurt av spyttet. Tørr munn gir auka risiko for tannskadar, munnen vert ofte sår og det er auka risiko for soppinfeksjonar. Skadane kan førebyggjast og plagene reduserast ved:

- Grundig reinhald
- Ekstra fluortilskot
- Regelmessige måltid
- Minimalt bruk av sukker mellom måltid
- Stimulere utskilling av spytt med sukkerfrie pastillar eller tyggegummi

Innhald i munnpleiesettet

Tannbørste med ekstra mjuk bust (TePe super care)

Tannkrem med nøytralt såpestoff (Zendium classic)

Spyttstimulerande sugetablettar med fluor (Xerodent appelsin)

Munnspray med smørande solsikkeolje (Proxident)

Fuktgele (Zendium saliva)

Hydrogenperoksid 3 %, konsentrat til gurglevann

Leppepomade (La Roche Posay Nutritic Lips)

Bruk av settet

Tannbørsten er ekstra mjuk og skånsam for munnen og har eit lite hovud for å komme til langt bak i munnen. **Tannkremen** inneheldt ikkje såpestoff som kan irritere sår og tørre slimhinner.

Sugetablettane inneheld fluor som styrkar tannemaljen, eplesyre som stimulerer spyttsekresjon og xylitol som hemmar bakterievekst. Tablettane skal sugas langsamt i munnen, opptil 6-12 tablettar dagleg.

Fuktgele skal gi meir langvarig fukteffekt. Bruk ertestor mengde gel kvar gong og fordel i munnhola, opptil 8 gongar dagleg. Kan også nyttast inni overkjeveprotesar som ekstra feste.

Munnsprayen inneheldt solsikkeolje som smørar tørre og sår munnslimhinner. Nyttast etter behov, flaska skal ristast før bruk.

Hydrogenperoksid 3 % reinsar slimhinner og løyser slim. Sjå etikett for blandingsforhold. Nyttast til munnskyll/gurgling i samband med tannpuss.

Leppepomaden nyttar du for å pleie tørre lepper og hindre sprekkdanning. Påførast så ofte som ønskjeleg.